




@SUSEHODE #solnedgang #stillesjø #ingenbølger  
#sulaposten #gulhimmel #høst #bryggekant  
#fortøyningsbølt #sunnmøre #breisundet



@MAY\_B\_F Skogens ro  
#veddemarka #langevåg #sula  
#norway #sulaposten #smpno  
#autumn #autumncolors  
#nature #naturephotography  
#utno #woods #trees #treeporn  
#friluftsklubben #nofilter



## Ekko feirar 65 år

Musikklaget Ekko runder 65 år, og førstkomande søndag inviterer dei til jubileumskonsert i Solevågshallen. Her kan ein få høyre filmmusikk med bildereise på storskjerm, medan trombonegrupa vil svinge opp med eit roleg jazzinspirert solo-nummer. Ein vil også få høyre ein nydeleg valsetango av Astor Piazzolla og «Friaren» av Sula sin eigen Jan Magne Forde. Dirigent Harald Førde har god kontroll på sine musikantar og det gode samspelet.

"Vi ønskjer velkommen til ein hyggelig søndags ettermiddag med god musikk og noko attåt", melder Gunn Bente Solevåg. Ho kan fortelje at Ekko i dag har 30 faste, aktive musikkarar, deriblant to - John og Helge Lervåg (bildet) som har vore med heilt sidan oppstarten i 1953.



Mykje har skjedd i løpet av dei 65 åra som har gått sidan då, og blant "noko attåt" denne kvelden vil her bli servert ei mimre-kavalkade både i form av bilde på storskjerm og gode historier.

# Conspectus med ny plate

16. november slepp gruppa Conspectus frå Sula nytt album. Namnet på albumet er «Holocene».

1. oktober slapp dei singelen «Witħered» frå samme albumet. Den er for øvrig tilgjengelig på både YouTube og Spotify.

Vokalist og gitarist Nikolai Haram Svorte betegner sjangeren som «moderne metal». Frå før har gruppa gitt albumet «A Clearer View» i 2014.

Gruppa består av:  
Nikolai Haram Svorte, gitar og vokal.

Markus Haram Svorte, trommer.  
Elias Lerheim Birkeland, gitar.  
Henning Hjemte Flisnes, bass.  
Produsent for albumet har vore Fredrik Ingebrigtsen frå Langevåg og engelske Chris Clancy.

Plata har dei gitt ut sitt eige nystarta plateselskap, «Holocene records»

Den er spelt inn i studioet til Fredrik Ingebrigtsen, «Frontrow studio»,

og Nikolai har bidratt som assistent ved innspelinga.

Som nemnt slepp gruppa albumet 16. november men dei skal spela releasekonsert kvelden før, torsdag 15. november på Kølbuda ved Devoldfabrikken.

**FRANK VÄGNES**

